



Sunnfjord Landbrukstenester
Boks 338
6802 Førde

28.10.10

INFO TIL MEDLEMMANE I SUNNFJORD LANDBRUKSTENESTER

Viktige fristar

Vedlagt finn du eit kontoutdrag frå jan.til okt.10. Kontroller dette. Har du betalt inn til laget i løpet av dei siste dagane, er det kanskje ikkje teke med på kontoutdraget.

Oppe til høgre ser du kva som er ubenyttat av tilskotet. Hugs at arbeidsgj.avg og feriepengar er inkl. i denne summen. På heimesida vår www.landbruk.org (sidemeny lønn) finn du eks.på korleis du reknar ut lønna.

Vi oppfordrar alle til å levere timelister snarast råd, (helst innan den **5.nov**) slik at vi kan registrere dei fortløpande. Siste frist før jul vert **6.des**. Dei som skal ha avløyning i jula får ein absolutt siste frist : **5.jan.2011** Timelister finn du på heimesida vår. Listene kan leverast på servicetorget Førde kommune eller kommunehuset i Naustdal, der får du også blanke timelister.

Landbruksvikar

Vi har no landbruksvikarar i alle 4 kommunane. Hyllestad/Høyanger – **Einar Ljotebø** og Førde/Naustdal – **Sølvi Wie** og **Kristian Seres**. Har du oppdrag til dei, ta kontakt Tlf 577 22145 dag/kveld og helg.

NB Ny ordning frå 01.01.2011

Frå denne dato vert det nekta frådrag for kostnader som ikkje er betalt via bank, dersom beløpet er over kr 10.000. Dvs. at du ikkje kan betale ut forskot direkte til avløyars kontant, dersom dette i løpet av ein tilsetjingsperiode/år utgjer meir enn kr 10.000,- Dette vert sett på som delbetaling av tenester kjøpt av laget og kjem dermed inn under nytt regelverk.

Denne problemstillinga dukkar først og fremst opp ved bruk av utanlandsk arbeidskraft, der arb.takar får utbetalt sluttoppgjør direkte før heimreise. Ta kontakt med oss før utbetaling av forskot, slik at dette vert gjort på rett måte.

Viktig

Tidlegare i år sende vi ut eit ark med tilbakemeldig om e-post adr. og mob.nr til alle medlemmar, der vi også var interessert i same opplysningar på avløyarsane. Vi fekk inn ein del, men manglar fortsatt mange. Så send oss ein e-post: post@landbruk.org, så får vi desse opplysningane.

Sjå heimesidene våre: www.landbruk.org

Kontoret har opne kvar dag 0900 – 1500

Mvh
Sunnfjord Landbrukstenester
Jonny og Kari

Sunnfjord Landbrukstenester, postboks 338, 6802 Førde.

Tlf. 57722145, fax 57722010

E-post: post@landbruk.org

www.landbruk.org

Bankkontonr. 3841 05 00601

Organisasjonsnr. NO 971 365 145 MVA